

Til NVE, Majorstuen, Oslo.

Reg nr 6189- sak nr 201005583

Bakkelva kraftverk. Trollekraft.

Kommentar til høyringsrunden.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Viser til vedlagt kart og fotoserie.

Anlegget er konsesjonssøkt med grunnlag i rettskraftig fallretsutgreiling pr 2009, med kraftstasjonen i branntomta til Trollefoss Uldvarefabrikk.

Som kart viser er det uråd å unngå konflikt med alle kulturminna i tomta, så vi viser situasjon for nytt og gammalt etter utbygging. Dei kulturminna som ligg nær nyanlegget har fått sitt objektnr. Bildeserie er også lagt ved.

Trollefoss Uldvarefabrik vart starta 1898, og brann i 1932.

Ytterligare kommentarar til vedlagt kart og bilder:

Objekt 1- rest av bygning:

Rest av fabrikkbygning er ombygt etter brannen, det ser ein på takfall, vindu, taktype etc. Bygget vart brukt til hønehus og til lager. Her er lite igjen av inventaret som minner om ullvarefabrikken. Fuger i teglvegger er forvitra, og innvendig tregolv har råteskader.

Går klar av anlegget.

Objekt 2, 3 , og 4- vasshjul, pipe og bru:

Murverk i pipe er dårlig og her er fare for nedfall av laus murstein. Område på 10m x 20m sikrast med gjerde, bru stengast på austsida av elva.

Går klar av anlegget.

Objekt 5- renne/ fordelingskammer:

Går klar av anlegget.

Objekt 6- dam:

Er begynt å fallere, manglar ein del steinar i damkrune. Blokkstein i damfot har rasa ut.

Går klar av anlegget.

Objekt 7:

Viser grunnmurar til arbeidarbustad. Denne brann ikkje, men vart flytta til ein annan stad i kommunen.

Objekt 8:

Mur etter gammalt kvernhus.

Går klar av anlegget.

Konklusjon kulturminner:

Viser til pkt 3.10 Kulturminne og kulturmiljø i konsesjonssøknaden.

Objektfortegnelsen er utført i hht telefonsamtale i slutten av førre månad, med Berit Gjerland, hos Fylkeskommunen. Ved å dele kraftstasjonen i to deler har vi klart å oppfylle dei fleste forhold til kulturminnene som er nemndt i konsesjonssøknaden. Vi har i allefall gjordt eit iherdig forsøk.

Fylkeskommunen ber NVE om å pålegge tiltakshavar å ivareta kulturminnene. Dersom dette medfører ein kostnad for prosjektet, vil vi vite prisen. Vi ber difor NVE få ein realistisk pris på bordet frå Fylkeskommunen, i samband med at eit eventuelt pålegg vert gitt.

Andre kommentarar:

Sprenging ved kt 248,5:

Røyrgata går aust om denne knausen, topp terrenget kt 240,0. Grøftedjupn på 3,0m er vel ikkje så dramatisk med tanke på røyrfundament, røyrdimensjon og overfylling. Spesielt når røyrgata går frå flatare til brattare fall nedover lia.

Anleggsveg opp siste kneika mot 248,5:

Med utgangspunkt for eksisterande skogsvegar i området, kan stigninsforholdet lett endrast til 1:7. Røyrgata har fall ca 1:4 som ikkje er noko stort problem for anleggsmaskiner, spesielt når her finnst gode massar.

Røyrgate i dagen:

Oppstrøms ny turbin, mellom pel 50 – pel 100, har terrenget bratt sidehelning. Vi ser det som ein fordel å legge røyrgata i dagen på denne strekning, også for å bevare kvernhusruinen. Anleggsveg langs røyrgata vidare opp lia tilknyttast annan skogsveg i området.

Holmedal den 06.05.2015

Mvh

Bjarne Helle




Bakkelva kraftverk. Trollekraft.

Kommentar til høyringsrunden.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Kart over stasjonsområdet

Etter utbygging.




Bakkelva Kraftverk- Trollekraft

Registrering av restar etter Trollefoss Uldvarefabrikk.



Objekt 1a: Eksist bygning fasade syd




Objekt 1b: Eksist bygning langs fasade aust



Objekt 2a: Vasshjul i kjellargrop



Objekt 3a: Pipe.



Objekt 3b: Pipe med stimkjel



Objekt 3c: Frostspregd pipe



Objekt 4a: Gangbru, røyrgate og deler av kraftstasjon.




Objekt 4b: Rest røyrgate, i bakgrunnen fordelingskammer.



Objekt 5a: Fordelingskammer med tilløpsrenne.

Fordeling til vasshjul eller kraftstasjon.



Objekt 5b: Tilløpsrenne mot dam



Objekt 6a: Dam.

Stein i krune og stor blokk i damfot ramla ut.



Objekt 6b: Trollefossen



Objekt 7a: Tilkomst til stasjon, CL veg i område grind

Kjellarmur til arbeidarbustad står att.



Objekt 8a: Kvernhusruin